

Høringsutkast

# Planstrategi

## 2024-2027

Planstrategien viser dei politiske satsingsområda i valperioden.

## Innhold

1.	Kva er ein planstrategi?.....	2
2.	Mandat for prosess og medverknad .....	2
3.	Plansystemet – heilskapleg planlegging og styring av kommunen.....	3
4.	Gjeldande planar i Austevoll kommune.....	5
5.	Nasjonale og regionale forventingar til planlegging .....	6
6.	Berekraft i planlegginga .....	8
7.	Utviklingstrekk og utfordringar .....	10
7.1	Regionalt og nasjonalt.....	10
7.2	I Austevoll .....	12
	Austevollingen .....	12
	Utanforskap .....	13
	Å bu på øyane.....	13
	Klima og klimatilpassing .....	13
8.	Er det behov for å endre gjeldande kommuneplan? .....	14
10.	Prioriterte planar for Austevoll kommune i perioden 2024-2027 .....	14

# Planstrategi 2024-2027 Austevoll kommune


Høyringsutkast

## 1. Kva er ein planstrategi?

Kommunal planstrategi skal utarbeidast kvart fjerde år og seinast innan eitt år etter at nytt kommunestyre er satt, jf. [plan- og bygningsloven § 10-1](#).

Planstrategien er et reiskap for nye folkevalde knytt til politisk prioritering og videre utvikling av lokalsamfunnet. Hensikten er å drøfte kommunens strategiske val knytt til utvikling av kommunen som lokalsamfunn og som organisasjon, og å avklare planbehov for valperioden. Det skal tas stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av den skal reviderast, eller om planen skal vidareførast.

Gjennom [Folkehelseloven § 5](#), skal kommunen ha naudsynt oversikt over helsetilstanden og dei positive, og negative, faktorane som kan verke inn på den. Dette skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi, jf. [plan- og bygningsloven § 10-1](#). Planstrategien skal drøfte utfordringar for samfunnsutvikling i eit langsiktig perspektiv.




## 2. Mandat for prosess og medverknad

Kommunestyret i Austevoll vedtok i juni 2024 (sak 74/2024) oppstart av prosessen med planstrategi 2024 – 2027. Målet med prosjektet er å avklare kva hovudutfordringar kommunen har som samfunnsutviklar og tenesteleverandør dei neste 4 åra, og kva planar kommunen må prioritere for å møte desse utfordringane. I tillegg er det eit mål at heile organisasjonen, både politikarar og administrasjon, har ei felles forståing for kva utfordringar kommunen må løyse gjennom strategisk planlegging. Formannskapet er politisk styringsgruppe og kommunedirektør har etablert ein administrativ prosjektorganisasjon.

Det har vore eit mål å ha god medverknad i prosessen. Prosjektet har mellom anna hatt dialog med næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og dei ulike fagområda i kommunen. Det er gjennomført eigne medverknadsmøte med aktørane og engasjementet har vore stort. Innspela som er kome inn blir lagt ved planstrategien som eit kunnskapsgrunnlag for prioritering av planar.

### 3. Plansystemet – heilskapleg planlegging og styring av kommunen

Den kommunale planstrategien er fundamentet i plansystemet i kommunen. Gjennom planstrategien skal kommunen avgjere kva planar og strategiar det er behov for å utarbeide eller revidere i komande kommunestyreperiode. Planstrategien skal særleg vurdere behovet for å endre kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Figuren under viser korleis plansystemet fungerer. Gjennom overordna planar og strategiar blir utviklingspolitikken for kommunen avklart. Mange av planane har tiltak som skal følgjast opp i den årlege rulleringa av økonomiplanen. Økonomiplanen skal vise til politikken som ligg i dei overordna planane og vise korleis tiltak i planane blir finansiert. Økonomiplan med finansierte tiltak blir vidare følgt opp i verksemdsplanar og arbeidsplanar i organisasjonen, og til slutt blir dette rapportert tilbake til kommunestyret. Plansystemet sikrar dermed ei heilskapleg planlegging og gjennomføring av kommunen sin vedtekne politikk.



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

I plansystemet er det ulike plantypar og plannivå. Plan- og bygningslova legg føringar for planstrategien og kommuneplan, og det er særlege krav til prosess og medverknad.

Alle kommunar skal etter plan- og bygningslova ha ein kommuneplan. Dette omfattar ein **samfunnsdel** og ein **arealdel**. Kommunestyret vedtar kommuneplanen. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

#### Kommuneplan - samfunnsdel (KPS)

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den bør innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal være grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gi retningslinjer for korleis kommunens eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private. Gjeldande samfunnsdel blei vedteke i Austevoll kommunestyre den 14. juni 2013.

#### Kommuneplan - arealdel (KPA)

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen (kommuneplanen sin arealdel) som viser samheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vere i tråd med føringar frå samfunnsdelen. Gjeldande arealdel omfattar plankart, juridiske føresegner og planskildring. Gjeldande arealdel blei vedteke i Austevoll kommunestyre den 18. juni 2013

#### Kommunedelplan - areal og tema

Det kan utarbeidast kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen. Kommunedelplanane skal bygge vidare på kommuneplanen og skal følgje dei same prosessreglane i plan- og bygningslova som gjeld for kommuneplan. Det er vanleg å utarbeide kommunedelplanar for eit større fagleg område, til dømes helse og omsorg, eller eit geografisk område av kommunen. Kommunedelplanar skal ha ein handlingsplan med tiltak.

#### Temaplanar, fagplanar og strategiar

Temaplanar, fagplanar og strategiar er planar for eit meir spissa og avgrensa område eller tema. Desse planane skal følgje opp mål og strategiar som ligg kommuneplanen og ha ein handlingsplan med tiltak. Prosessreglane for desse planane treng ikkje følgje krava i plan- og bygningslova, men det er likevel viktig å sikre god medverknad i planprosessane.

## 4. Gjeldande planar i Austevoll kommune

Austevoll har mange gjeldande planar innafor ulike tema. Det ligg ein oversikt over gjeldande planar som vedlegg til dette dokumentet.

Ein sentral del av planstrategien er å vurdere behovet for revisjon av kommuneplanen.

### **Status gjeldande samfunnsdel (vedtatt i 2013)**

Det er ti satsingsområde i gjeldande samfunnsdel

1. Bustadområde
2. Næring og områder for næringsutvikling
3. Austevoll fiskerihamn
4. Sentrumsutvikling Storebø og Bekkjarvik
5. Strandsona
6. Folkehelse og friluftsliv
7. Bu-lyst og trivselstiltak
8. Helse og omsorg
9. Skule og oppvekst
10. Samferdsle

For kvart satsingsområde er det satt mål, utfordringsbilete, strategiar og tiltak. Det er totalt satt 45 strategipunkt og 52 tiltak. Det er ikkje synleggjort samhandling mellom strategipunkt, tiltak og økonomiplan. Gjeldande samfunnsdel har ikkje arealstrategiar.

Nokre av strategipunkta og tiltaka er gjennomført eller delvis gjennomført. Ettersom planen er over 10 år vil det vere naturleg å utarbeide ein ny samfunnsdel som gjeld for dei neste 12 åra.

### **Status gjeldande arealdel**

Revidering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) er sett i gang. KPA har vore til 1. gong høyring. I denne høyringa har det kome inn motsegn og fråsegn frå regionale og nasjonale mynde. Det har vore gjennomført sonderingsmøte med Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE), Vestland fylkeskommune (VLFK), Kystverket, Forsvarsbygg og Fiskeridirektoratet for å kunne kvittere ut motsegn og fråsegn. Det har ikkje blitt gjennomført samhandlingsmøter med Statsforvaltaren i Vestland for avklaringar av deira motsegn til KPA.

Det har vore stort engasjement frå innbyggjarane i dette arbeidet, og innspela har vore mange. Med bakgrunn i dette har planarbeidet tatt lengre tid enn planlagt. Haust 2024 blir det jobba med konsekvensutgreiing av innspel og det er planlagt ny offentleg høyring i 2025.

## 5. Nasjonale og regionale forventingar til planlegging

Regjeringa la i 2023 fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging, for å fremme berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventingane skal følgast opp i fylkeskommunen og kommunen sitt arbeid med planstrategi og planar, og kan gje grunnlag for motsegn frå Statsforvaltaren. Nasjonale forventingar til planlegging gir føringar for arealbruk og samfunnsutvikling på regionalt og kommunalt nivå.

I dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging 2023 har regjeringa fem overordna perspektiv som utgangspunkt for 72 forventingar:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Regjeringa viser til viktige utfordringar for kommunane framover, mellom anna med å nå Berekraftsmål - om reduserte klimagassutslepp og bevaring av karbonrike areal, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av natur og naturmangfald og mindre ulikskap.

I Perspektivmeldinga 2024 frå Finansdepartementet blir det særleg vist til at kommunen vil møte utfordringar som:

- Aldrande/tilårskomne innbyggjarar med omsorgsbehov
- Mangel og kamp om arbeidskraft
- Omstilling av oljebaserte verksemdar
- Endringar i klima og kva konsekvens dette har for bruk av naturressursar
- Bevisstgjerjing av nasjonal tryggleik og beredskap i kommunane.

### Statlege planretningslinjer

Retningslinjene blir brukt for å konkretisere nasjonalt viktige planleggingstema. Dei er tydelege på kva mål som blir lagt til grunn for planlegginga og korleis interessene skal bli teken i vare og vektlagt i planlegginga. Under ligg gjeldande planretningslinjer:

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, 1995
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, 2018
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjø, 2021
- Statlege planretningslinjer for samordnet areal- og transprotplanlegging, 2024

## Regionale planar

Det er ein rekke regionale planar som peiker ut satsingar, samtidig som dei gir kommunen føringar. Regionale planar skal ligge til grunn for kommunal planlegging og kan gje grunnlag for motsegn frå fylkeskommunen. Under ligg utdrag frå regionale planar som er viktig i planlegginga av Austevoll.

### Regional utviklingsplan Vestland

Regional utviklingsplan Vestland er eit strategisk styringsdokument for Vestland. Planen er i revisjon. "Planen byggjer på berekraftmåla til FN, og vi har i dette eit verktøy for å gjere Vestland til det mest framoverlente fylket i landet" Sitat, Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

- *Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg*
- *Mål 2 Klima og miljø som premis for samfunnsutvikling*
- *Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland*
- *Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping*

Vestland fylkeskommune arbeider no med [ny planstrategi med namn Utviklingsplan for Vestland](#). Den er lagt på høyring.

### Regional plan for klima 2022-2035

Sentrale ambisjonar i den planen er mellom anna:

- Redusere direkte klimautslepp
- Redusere klimafotavtrykk
- Trygt og robust Vestland
- Sikre naturmangfald
- klimarettferd og folkehelse

### Regional plan for fornybar energi

Regional plan for fornybar energi set den strategiske retninga for en tydeleg regional politikk i Vestland, og synleggjer viktigeita av at vi brukar alle dei fornybare energikjeldene som er tilgjengelege i regionen vår - vatn, vind, sol, hav og jord

### Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Planlegginga skal fremje berekraftig utvikling – Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Planen har følgande satsingar:

<i>Grøn næringsutvikling</i>	<i>Mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030</i>
<i>Innovative og inkluderande samfunn</i>	<i>Mål: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket</i>
<i>Areal til næringsutvikling</i>	<i>Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid</i>
<i>Kompetanseutvikling i arbeidslivet</i>	<i>Mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse</i>



**Andre regionale planar:**[Regional plan for folkehelse](#)[Regionale planar for areal- og transport](#)[Regionale planar og strategiar for handels- og senterutvikling](#)[Regional plan for kultur](#)[Regional plan for kystforvaltning](#)[Regionale planar for vasskraft](#)[Beredskap i Vestland](#)

## 6. Berekraft i planlegginga



Figur 3: Figuren illustrerer at samfunn og økonomi er innvevd i, og avhengig av, biosfæren. Når biosfæren er trua – gjennom menneskeskapte klimaendringar og tap av naturmangfald – må klima- og miljø veie tyngre og sjåast som ei føresetnad for sosial og økonomisk berekraft. (Azote Images for Stockholm Resilience Centre).

Gjennom gjeldande planstrategi blei det lagt føringar for kva for berekraftsmål kommunen skulle ha fokus på. Planarbeid i førre valperiode har ikkje tatt inn berekraftsmål og brukt dei som grunnlag i arbeidet. Det er ei forventning at berekraftsmåla skal vere ein del av grunnlaget for kommunen sitt planleggingsarbeid og i utarbeiding av planmateriale. Grunnlaget for dette er at FN i 2015 vedtok 2030-

agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Berekraftig utvikling har tre dimensjonar: miljø, sosial og økonomisk berekraft. Ei berekraftig utvikling av samfunnet vårt må skje innanfor planeten sine tolegrensar. Vi må sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv, og økonomisk tryggleik for alle. Dei tre dimensjonane er viktige føringar i arbeidet med i nye planar. Førre planstrategi valte å ha fokus på desse berekraftsmåla:

	<p>Mål 3 tek sikte på å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Her vil førebyggjande arbeid innan somatisk helse og arbeid for å auke levealder vere viktig, slik at alle kan leve friske og sunne liv.</p>
	<p>Mål 10 tek sikte på å redusere ulikskap-iog mellom land, og samtidig utjamne sosiale forskjellar. Dette mellom anna ved å fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering utan omsyn til alder, kjønn, rase, etnisitet, nasjonalitet, religion eller økonomisk og annan status.</p>
	<p>Mål 11 tek sikte på å gjere byar, tettstadar og bumiljø inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige. Her vil helse, tryggleik, infrastruktur og klima vere viktige faktorar.</p>
	<p>Mål 12 tek sikte på å sikre berekraftige forbruksog produksjonsmønster. Me må betre utnytte ressursane og minimere påverknaden på miljø og klima. Dette vil minke ressursbruk, miljøødelegging og klimagassutslepp</p>
	<p>Mål 13 tek sikte på å handle umiddelbart for å avgrense klimaendringane og konsekvensane av dei. Dette inneber både utsleppsreduksjon og å tilpasse seg for å styrke evna til å stå mot klimarelaterte farar og naturkatastrofar.</p>
	<p>Mål 14 tek sikte på å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling. Havet har ei nøkkelrolle for regn, drikkevatt, vær, klima og mykje av maten vår. I tillegg byr det på moglegheiter for nye arbeidsplassar og økonomisk vekst.</p>
	<p>Mål 15 tek sikte på å verne, oppattrette og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.</p>
	<p>Mål 17 tek sikte på å styrke gjennomføringsmidlane å fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling. Samarbeid og partnerskap på tvers i samfunnet er viktig for å oppnå berekraftig utvikling</p>
<p>Vurdering</p>	<p>Desse måla er prioriterte fordi dei dannar grunnlaget for vårt lokalsamfunn historisk og i framtidig perspektiv. Dei er grunnleggande for gode lokalsamfunn som tar i vare interessene til innbygarane, deira levekår og våre økosystem. Vi vil legge til rette for å utvikle lågutsleppssamfunnet basert på lokale forhold, sosial rettferd, deling av kunnskap og en dugnad som inkluderer alle. Det legges til rette for god beredskap, mindre ressursbruk og god forvaltning av naturmangfald for framtidige generasjonar. Samtidig bidrar kommunen til ansvarleg forbruk og produksjon og bærekraftig bruk av økosystema i havet og på land. Stimulere tettstader og robuste bygder med gode kvalitetar i nærmiljø skal bidra til en inkluderande, trygg, attraktiv og miljøvennleg utvikling</p>

## 7. Utviklingstrekk og utfordringar

### 7.1 Regionalt og nasjonalt

Kommunal og- moderniseringsdepartementet har identifisert drivkrefter i samfunnet som er rekna å ha størst påverknad på offentlig sektor i åra framover:

- Moderat befolkningsvekst og fleire eldre
- Mindre økonomisk handlingsrom i offentlig sektor
- Rask teknologisk utvikling
- Klimaendringar, klimarisiko og miljøspørsmål som påverkar samfunnet
- Grunnleggande menneskelege behov for trygghet og tilknytning
- Mangel på kompetent arbeidskraft

Kommunal og- og Moderniseringsdepartementet presenterte fire moglege framtidsscenarier for innovasjon i offentlig sektor. Dette for å identifisere nye trendar og diskutere dei i ei strategisk samanheng. Målet er å sjå langt fram og vende merksemda mot det som skjer i omgjevnaden kring kommunen i eit heilskapleg perspektiv.

Bilda under synar fire moglege framtidfortellingar for offentlig sektor i 2040. Å vere bevisst rundt dette og ta aktive val om kven vår kommune vil vere, vil gjere det enklare å ta overordna grep mot dette i strategisk planlegging. \*[Scenarier for offentlig sektor i 2040](#)

Kortversjoner av de fire scenariofortellingene

#### På kjente stier

I 2040 har forskjellene i samfunnet økt, men ikke mer enn at tilliten fortsatt er høy. For Norge er olje- og gassvirksomhet fremdeles en motor i økonomien. Deler av offentlig sektor har fått til mye på digitalisering og innovasjon, mens andre deler henger etter. Det er vanskelig å ta ut gevinstene av investeringer, og roller, ansvar og organisering er stort sett uendret siden 2019. Innbyggernes forventninger har stadig blitt vanskeligere å innfri. Store, internasjonale selskaper ligger foran med å tilby innbyggerne smarte tjenester på flere områder.



Kortversjoner av de fire scenariorfortellingene

### Bakpå

I 2040 er tilliten i samfunnet vi tok som en selvfølge svekket. Internettøkonomien har endret verden, og langt flere enn før har falt utenfor arbeidslivet. Utenforskap skaper uro og frustrasjon. Politikken er preget av populistiske strømninger og økt konfliktnivå. Stadig skiftende prioriteringer, manglende kapasitet og kompetanse gir lav endringsevne i offentlig sektor. Innbyggere opplever store forskjeller i kvalitet på tjenester, tilbud og muligheter. Norge er ikke lenger annerledeslandet, og vi-følelsen i samfunnet er svekket.



Kortversjoner av de fire scenariorfortellingene

### Spranget

I 2040 er tilliten i samfunnet høy. Nye måter å produsere og levere tjenester er testet ut og utviklet for å opprettholde og øke velferdsnivået. Eksperimentering og bruk av ny teknologi skjer offensivt og innen etisk forsvarlige rammer. Overgangen til et klimavennlig samfunn ble ikke enkel, men de fleste opplevde omstillingen som rimelig og nødvendig. Med ny teknologi og digital transformasjon er systemene forbedret og menneskelige ressurser møtes på nye måter. Maskinene gjør rutineoppgaver. Innbyggerne er deltakere i utforming og gjennomføring, i tillegg til brukere av offentlige tjenester. Noen ønsker likevel ikke delta, eller klarer ikke å henge med.




Kortversjoner av de fire scenariorfortellingene

### Spredning i laget

I 2040 er tilliten i samfunnet forvitret. Norge klarte ikke overgangen til et mer klimavennlig samfunn. Ny næringsutvikling i stor skala lar vente på seg. Fallhøyden ble stor når teknologi og nye måter å arbeide sammen skulle testes ut i offentlig sektor. Eksperimentering, prøving og feiling ble den nye hverdagen, uten at man klarte å systematisere kunnskap eller spre lærdommer. Noen løp foran, mens andre aldri kom etter. Nå finnes et landskap av fragmenterte løsninger med ulik kvalitet. Sterke interesser har tatt seg til rette og forskjellene i samfunnet har økt.



Vestland fylkeskommune arbeider no med [ny planstrategi med namn Utviklingsplan for Vestland](#). Den er lagt på høring. Dei viser utfordringane i Vestland slik:



Figur 1 - Illustrasjon over utfordringsområde i kunnskapsgrunnlaget

Kommunen skal ha oversikt over folkehelseutfordringane i samfunnet (folkehelselova §5.). I tillegg til vår eigen folkehelseoversikt som ligg som kunnskapsgrunnlag til dette dokumentet, har Vestland fylkeskommune identifisert fire folkehelseutfordringar for fylket.

Nr. 1 – Sosial ulikheit i helse

Nr. 2 – Demografiske endringar

Nr. 4 – Psykisk helse og livskvalitet

Nr. 5 – Klimaendringar

## 7.2 I Austevoll

Austevoll blir råka av dei store utviklingstrekkane i Noreg, som er komplekse og samansett. Samfunnet endrar seg raskt og inneber at me må kunna løysa utfordringar effektivt og innovativt. Situasjonen i verda gjev oss ei framtid som er meir uviss, det er difor viktig med vegval som synar endrings- og omstillingsvilje.

Følgande hovudutfordringar vert lagt til grunn for planarbeidet 2024-2027:

### Austevollingen

Folketalet i Austevoll aukar, men framskrivingar viser at det vil vere stabilt mot nedgåande mellom 2030 og 2050. Alderssamansettinga vil også endre seg, det vil bli fleire i dei eldste aldersgruppene og færre personar

i arbeidsdyktig alder. Dette vil påverke de økonomiske handlingsrommet til kommunen og deretter tenesteproduksjon. Samstundes, med ein aldrande befolkning, blir tenestebehovet større. Med færre personar i arbeidsdyktig alder vil rekruttering av riktig kompetanse i offentleg sektor, men også i det private næringslivet, bli utfordrande. Dette gjeld spesielt hos oss, fordi me konkurrerer med større kommunar som ligg i tett nærleik til Austevoll.

### Utanforskap

Me har over lang tid opplevd stor vekst av velstand og rikdom i Noreg og i Austevoll. Forskjellane blir no større og større, del barn i låginnteksthushald aukar, trivsel og læringsresultat i skulen går ned, fleire av oss kjenner på einsemd og har psykiske utfordringar. I ei tid me aldri har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me og motsetningar – utanforskap og usikkerheit i alle generasjonar. Tilboda som skal vere ein del av problemløysinga – fritidsaktivitetar, lokale arrangement, kultur opplevingar, er ofte avhengig av frivilligheita. Det blir ei ekstra utfordring når dugnadsånda er sinkande og det offentlege handlingsrommet er mindre.

### Å bu på øyane

I Austevoll bur me på kvar vår øy – å bu på ei øy skapar utfordringar for innbyggjarane, næringslivet og for beredskapen vår. Dårlege fastlandssamband og samhandling mellom offentleg transport, påverkar alle andre utfordringar som Austevoll kommune vil møte i framtida. Det gjer det vanskelegare å få tak i arbeidskraft, starte og drive næring i kommunen, det reduserer livskvaliteten vår og det gjer oss meir sårbar i krisesituasjonar. At det er dårleg tilrettelagt for gåande og syklende, i kombinasjon med dårleg transporttilbod, gjer dei fleste avhengig av bil. Dette er negativt for miljøet, i tillegg til at det bidrar til utanforskap og dårlegare folkehelse generelt.

Kraft og straum er infrastruktur som me alle tar for gitt. I Austevoll har me berre ei straumtilførsel, og «strammangel» er eit varsla problem som Austevoll dermed er ekstra sårbar for. Dette påverkar alle delar av samfunnet, frå matlaging i heimen til industriproduksjon og utvikling i næringa, men også mobilitet når bilar og ferjer blir elektriske.

Øyane våre representerer også eit samfunn av einebustadar. Når innbyggjarane blir eldre og samstundes skal bu lengst mogleg heime, blir det behov for å tenke nytt rundt kva bustadformar me byggjer. Det er også viktig med nærleik til offentlege tenester og butikkar. Framover blir det viktig at kvar og ein planlegg for alderdommen sin.

### Klima og klimatilpassing

Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står ovanfor, og råkar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det ei utfordring med store lokale konsekvensar- også for Austevoll. Klima blir ein sentral del av risikobiletet i framtida, me kan venta auka nedbør, meir ekstremvær, auka temperatur i havet og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, samferdsle, bygg og anlegg, naturmangfald og fiskeri- og havbruksnæringa vår. Dette gjev nye utfordringar i planlegginga, og eit nytt- og sårbart bilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Samstundes vil det også vere eit stort potensiale for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysingar for klimatilpassing – noko Austevoll allereie har gode døme på.

Austevoll kommune er den største oppdrettskommunen målt i verdiskaping i 2021. Rett over ein tredjedel av verdiskapingen kjem frå Austevoll. Me er også den største fiskerikommunen og står for 75 % av verdiskaping innan fiskeri i Sunnhordland. Det er 1267 registrerte verksemder i kommunen, mange av dei

er knyt til arbeidslinja innanfor marin og maritime næringar. Austevoll kommune sitt viktigaste næringsgrunnlag er difor svært sårbar for endringar i havet. Både temperatúrauke og forureining er store truslar for Austevoll.

## 8. Er det behov for å endre gjeldande kommuneplan?

### Kommuneplan samfunnsdel – full revisjon og nytt planprogram

Gjeldande samfunnsdel er frå 2013. Planen ikkje er i tråd med dagens lovverk og forventningar til planlegging i kommunar, mellom anna knytt til arealstrategiar og arealrekneskap. FN sine berekraftsmål er ikkje trekt inn i planarbeidet og kunnskapsgrunnlag og analysegrunnlag er ikkje oppdatert. På bakgrunn av desse vurderingane er det behov for ein ny samfunnsdel med nytt planprogram. Kommunedirektøren vil melde oppstart og legge fram utkast til planprogram for revisjon av kommuneplan samfunnsdel i løpet av hausten 2024. Det er planlagt å legge fram planprogrammet for politisk behandling i nov 2024.

### Kommuneplan arealdel – fortsette arbeidet

Planprogram for kommuneplanarbeidet blei vedtatt i 2018. Arbeidet med kommuneplan sin arealdel har følgd opp føringar som blei satt. Arealdelen er eit juridisk bindande styringsdokument, og prosessen med planen har vore eit krevjande arbeid. Det er stor interesse frå innbyggjarane, store politiske ambisjonar og særleg interesse frå regionale og nasjonale aktørar. Det er behov for å fortsette arbeidet med revidering av kommuneplan sin arealdel.

## 10. Prioriterte planar for Austevoll kommune i perioden 2024-2027

Med bakgrunn i utfordringsbilete tilrår kommunedirektøren at Austevoll kommune prioriterer følgjande planar og strategiar for perioden 2024 – 2027:

Plannivå/plantype	Tema	Kommentar
<b>Kommuneplan</b>	Samfunnsdel	Full revisjon Oppstart haust 2024.
	Arealdel	I prosess
<b>Kommunedelplan</b>	Kvalitetsplan for helse, sosial og omsorg	Ny plan. Oppstart haust 2025
	Kvalitetsplan for oppvekst, barn og unge	Ny plan Oppstart haust 2025.
<b>Temaplan</b>	Kultur, idrett og frivilligheit	Ny plan Oppstart haust 2025.
	Strategisk næringsplan	Ny plan Oppstart vår 2026
	Klima, energi og miljø	Ny plan Oppstart vår 2026

	Trafikksikringsplan	Revisjon Oppstart i 2025
	Anleggstrategi idrett og nærmiljø	Revisjon Oppstart 2026
	Plan for vatn og avløp, kommunale vegar, bygg og anlegg	Nye planar Oppstart 2026/2027
	Kommunal bustadplan (Inkl. bustadsosial plan)	Ny plan Oppstart 2026
	Rus- og alkoholpolitisk handlingsplan med retningslinjer	Revisjon Oppstart 2025
	Habillitering og rehabilitering	Revisjon Oppstart 2025
<b>Arealplanar</b>	Regulering Austevoll fiskerihamn	Revisjon 2024/2025
<b>Andre planar og strategiar</b>	Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	Revisjon Oppstart 2025
	Overordna beredskapsplan	Revisjon Oppstart 2026
	Arbeidsgjevarstrategi	Ny plan Oppstart 2025
	Strategisk kompetanseplan og rekrutteringsstrategi	Ny plan Oppstart 2025
	Eigarskapsmelding (Jf § 26-1 i kommunelova)	Ny plan Oppstart 2026
	Innkjøpsstrategi	Revisjon Oppstart 2025

### Planar i arbeid

Plannivå/plantype	Tema	Kommentar
<b>Kommunedelplan</b>	Naturmangfaldsplan	I arbeid for slutføring 2024
<b>Temaplan</b>	Eldreplan	Meldt oppstart for revidering
	Førebyggjande plan for born og unge	I arbeid for slutføring